

2020

PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ I TYSNESBARNEHAGANE



Eldbjørg Knudsen

Tysnes barnehagane, Tysne kommune

01.11.2020

HOVUDMÅL

Barnehagane har nulltoleranse mot mobbing

DELMÅL:

Alle tilsette skal jobbe aktivt for å oppretthalde eit inkluderande oppvekstmiljø.

Tilføyet ved lov 19.06.2020, med verknad frå 01.01.2021

Kapittel VIII: Psykososialt barnehagemiljø.

§41: Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

- Barnehagen skal ikkje godta krenking som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når ein barn blir utsett for krenking

§42: Plikt til å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetesplikt)

- Alle som jobbar i barnehagen skal følgje med på korleis barna har det.
- Barnehagen har ei **aktivitetsplikt** dersom det er mistanke om at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Mistanken kan komme frå tilsett, foreldre eller frå noko barnet sjølv seier.

§43: Skjerpet aktivitetsplikt dersom ein som arbeider med i barnehagen, krenker eit barn.

- Dersom ein som arbeider i barnehagen får kjennskap til at ein annan som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering skal vedkommande straks melde ifrå til barnehagens styrer. Styrer skal melde i frå til barnehageeigar.
-

§ 9 INTERNKONTROLL I BARNEHAGEN

Barnehageeigar skal ha internkontroll med barnehagens verksemd for å sikre at barnehagen oppfyller alle krava i barnehagelova med forskrifter.

Dette stiller krav til eit systematisk arbeid, men tar omsyn til at den enkelte barnehage skal kunne tilpasse omfanget og innhaldet i internkontrollen til barnehagens størrelse og eigenart.

Kvar barnehage må lage risikovurderingar og handlingsplanar for arbeidet med det psykososiale miljøet.

AKTIVITETSPLIKA

Aktivitetsplikta er delt inn i fleire delplikter:

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å varsle barnehagen sin styrar
- Plikt til å varsle barnehagen sin eigar
- Plikt til å undersøke
- Plikt til å setje inn tiltak
- Plikt til å utarbeide skriftleg plan

https://video.uia.no/media/t/0_jyldx8yn

SKRIFTLEG PLAN

Barnehagen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. Den skriftlege planen skal innehalde følgjande:

- Kva problem tiltaka skal løyse
- Kva tiltak barnehagen har planlagt
- Når tiltaka skal gjennomførast
- Kven som skal gjennomføre tiltaka
- Når tiltaka skal evaluerast.

MOBBING I BARNEHAGEN

(For førskulebarn kan omgrep som utestenging være betre å nytte.)

Ein definisjon på mobbing kan være:

“Mobbing er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar opplevinga av å høyre til, å være ein betydningsfull deltakar i fellesskapet og høve til medverknad”. (Hele barnet, hele løpet; om mobbing i barnehagen)

Denne definisjonen viser at mobbing i barnehagen handlar om at barn ikkje får ta del i fellesskapet.

ME YNSKJER EIT MILJØ I BARNEHAGEN DER:

- alle barn får være i eit godt psykososialt miljø, og være trygge og glade
- alle barn får delta i fellesskapet, og ha gode vener
- alle barn blir møtt med varme, anerkjenning og respekt
- alle barn blir rusta til å meistre livet som møter dei
- det er nulltoleranse for utestenging og mobbing
- personalet har kunnskap om korleis ein kan jobbe for eit godt psykososialt miljø
- det er eit konstruktivt samarbeid med foreldra i høve mobbing

EKSEMPEL PÅ FØREBYGGJANDE ARBEID - BARN KRENKJER BARN:

- Jobbe målretta med sosial kompetanse, tilpassa alder
- Være tilstede med barna, sjå dei
- Ikkje la barna være aleine bak lukka dører
- Ha små leikegrupper
- Være trygge, gode vaksne rollemodellar
- Observere samspelet mellom barna
- Ha eit godt samarbeid med foreldra
- Gjennomføre barnesamtalar
- Ha det psykososiale miljøet som agenda med jamne mellomrom på alle møter

EKSEMPEL PÅ FØREBYGGJANDE ARBEID - VAKSNE KRENKJER BARN:

- Være trygge gode vaksne
- Vise omsorg, skape gode relasjonar til barna
- Være merksame på vår stemmebruk
- Være merksame på ordbruk
- Være merksame på handlingane våre - ikkje "ta hardt" i barna
- "Foreldra skal kunne høyre og sjå alt me gjere"
- Ikkje halde barn utanfor gruppa
- Svare alle barna, ikkje snu ryggen til nokon
- Ikkje være aleine med barn bak lukka dører
- Spør kvarandre om hjelp
- KRENKING AV BARN ER FORBUDT OG STRAFFBART. ME SKAL VÆRE PROFESJONELLE

FOR BARN SKAL ME VÆRE



Spørsmål til refleksjon og samarbeid

- Kva er mobbing, krenking, utestenging (barn – barn, barn – vaksne)?
- Kva ligg det i nulltoleranse?
- Korleis kan me jobbe konkret for å førebyggje mobbing, krenking og utestenging?
- Kva ligg det i aktivitetsplikt?
- Kva er “barnets beste”?
- Kva kan bli konsekvensen for barn som blir krenkja/mobba?
- Korleis skape gode relasjonar til kvart enkelt barn?
- Er all utestenging mobbing?
- Kva er kjerneverdiane i mi rolle på jobb?
- Korleis møter me foreldre som er stille, strevar eller er usikre?
- Korleis skape gode relasjon til foreldra?
- Kva vil du/de gjere for å byggje gode relasjonar til kvart barn? Lag ei liste med tiltak som du/de vil prøve ut.
- Korleis skal du/de medverke til at nye barnehagebarn, dei yngste spesielt, blir integrerte i og ein del av fellesskapen?
- Legg merke til kva barna set pris på, og kva dei ønskjer å gjere meir av i barnehagen.
- Legg merke til kva barna ikkje trivst med i barnehagen. Oppmuntre dei store barnehagebarna til å grunngi det dei seier, når de snakkar saman om dette.
- Lag ein plan for korleis du/de kan imøtekomme nokre av barnas ønske eller behov. (Sjå C og D.) Gjennomfør planen, og snakk med barna undervegs.
- Kva hindrar dykk i å vere tilgjengelege for barna i det daglege? Kva kan de gjere for å betre situasjonen?
- Snakk saman om kva som er skilnaden mellom humor og ironi.
- Bli einige om kva de kan/skal gjere dersom de opplever at nokon snakkar nedsetjande til eller om eit barn.
- Drøft korleis de kan modellere respektfull og tolerant framferd.

Litteratur

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-endringer-i-barnehageloven-regler-om-barnehagemiljo/id2662762/?expand=horingsnotater>

<https://www.udir.no/globalassets/upload/barnehage/regelverk/veiledere/veildernn.pdf>

https://video.uia.no/media/t/0_jyldx8yn

<https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/forskning-og-utvikling/nyhetsaker/Dialog-og-samarbeid-i-arbeidet-mot-mobbing-i-barnehagen.pdf>

<http://www.forebygging.no/global/mobbing%20i%20barnehagen%20rapport.pdf>

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/instillinger/stortinget/2019-2020/inns-201920-302l.pdf>

Barnehagen sin rutinar for å førbyggje mobbing

	OPPGÅVE	TIDSPUNKT	ANSVAR
1	Revidere handlingsplanen		Barnehagerettleiar
2	Gå gjennom handlingsplanen i personalgruppa <ul style="list-style-type: none">• Kva er eit godt psykososialt miljø?• Kva er krenkjande åtferd?• Kva gjere me når me ser/får varsel om krenkjande åtferd?	Kvart år ved barnehagestart	Styrrar
3	Informere nye tilsette og foreldre om handlingsplanen	Kvart år ved barnehagestart	Styrrar
4	Ha stoppunkt på personalmøta for å "sjekka" at me føl planen.	Gjennom heile året	Styrrar, pedagogiske leiarar

Observasjonslogg

Kva har eg sett eller høyr	Kva gjeld saka	Når skjedde dette	Signatur

Refleksjon med fokus på relasjon

Relasjonen mellom barn og voksne er den viktigaste faktoren for barns læring og utvikling

Kartlegging av den voksnes haldningar

Dette skjema kan brukast til å kartlegge de voksne sine haldningar og følelser til det enkelte barnet.

Skjema fylles ut ved at ein «fargelegger» kvart barn ut i frå fargekodene under. Fleire farger kan gis.

Rødt:

Når du meina rein eller fleire av setningane under stemmer med dine følelser/ haldningar til barnet:

- Barnet som får «tråkke inn i sjela di med støvler på»
- Barn du gir privilegier
- Barn du umiddelbart forstår og blir glad i.
- Barn du opplever å bli lett glad i.

Svart:

Når du meiner ein eller fleire av setningane under stemmer med dine følelser/ haldningar til barnet:

- Barn som «får det til å koke over»
- Barn som gjer at du blir sintere enn situasjonen skulle tilsei
- Barn du ikkje forstår
- Barn du ikkje føler det er lett å elske.

Blått:

Når du meina rein eller fleire av setningane under stemmer med dine følelser/ haldningar til barnet:

- Barn tar ikkje/ tar sjelden kontakt med
- Barn du sjelden tar kontakt med

Grønn:

- Barn du har ein utmerket kontakt med, men som likevel ikkje høyre til under raudt.

Relasjonsskjema

	Barn (kode)				
1					
2					
3					
4					
5					
6					
7					
8					
9					
10					
11					
12					
13					
14					
15					
16					

Barnehagen sine tiltak ved mobbing eller krenkjande åtferd

	TILTAK	ANSVAR	GJENNOMFØRT	EVALUERING
1	Følgje med <ul style="list-style-type: none"> • Informasjon frå foreldre • Informasjon frå barnet • Observasjon av tilsette 	Alle tilsette		
2	Varsle <ul style="list-style-type: none"> • Informere styrar og pedagogisk leiar • Ev. varsle eigar 	Alle tilsette		
3	Undersøke <ul style="list-style-type: none"> • Notere informasjon • Snakke med foreldra til den som blir mobba og den som mobbar • Snakke med barnet/barna • Observer 	Den som får informasjon noterer. Alle observerer. Pedagogisk leiar har ansvar for samtalar, i samarbeid med styrar		
4	Setje inn tiltak <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide skriftleg tiltaksplan med tidsfristar • Informere foreldra om tiltaka kontinuerleg • Tiltaka varer til åtferda opphøyrer 	Pedaogisk leiar i samarbeid med styrar og dei tilsette på avdelinga		
5	Vurdering <ul style="list-style-type: none"> • Vurdering av tiltaka og resultatet • Tilbakemelding til foreldre etter evaluering 	Dei tilsette på avdelinga i samarbeid med styrar		
6	Referat <ul style="list-style-type: none"> • Det skal skrivast referat frå alle observasjonar, samtalar, tiltak og evalueringar 	Pedagogisk leiar		

Referat møte ifm varsling/ melding om mobbing i barnehagen

Skjema skal ligge i barnets mappe (kopi til føresette)

Møtedato:.....År.....

Tilstades på møte var:.....

Kva saka gjeld:	Tiltak vidare:	Ansvar:

Dato for neste oppfyllingsmøte:

Underskrift foreldre:

Underskrift tilsette:

Stad/ dato:

Sjekkliste 1 – barnehagen sitt oppvekstmiljø:

Sjekkliste angående dei vaksne sitt forhold til barna:

Spørsmål	Ja- alltid	Ja- ofte	Nei- sjeldan	Nei- aldri
Er dei vaksne i vår barnehage anerkjennande og støttande i forhold til barna sitt initiativ?				
Blir alle barna lagt merke til i like stor grad, uavhengig av type personlegheit? (innad- /utadvent)				
Får nokre barn stadig positiv oppmerksomhet frå oss vaksne – meir enn andre barn?				
Får nokre barn stadig negativ oppmerksomhet frå oss vaksne- meir enn andre?				
Kan me sjå eit "mønster" i at me vaksne har lettare for å tru på nokre barns forklaringar på konflikhtar enn andre i gruppa?				
Er det nokre barn i gruppa som me vaksne tar meir kontakt med- finner på fleire aktiviteter med enn andre barn?				
Er det nokon barn i gruppa som me vaksne tar lite kontakt med- og sjeldan tar initiativ til aktiviteter med ?				
Klarer me å involvere alle barna i fellesskapet – f.eks praten rundt bordet ved måltider?				
Har vi vaksne større tålmodighet med enkelt barn i gruppa enn andre, når det gjelder å følge dei opp/ hjelpe dei?				
Blir nokre barn raskare avbrutt/ avvist av oss vaksne enn andre når dei tar kontakt med oss?				
Er alle vaksne bevisst på at barn ikkje alltid klarer å skilja spøk/ ironi? (være forsiktig med bruk av ironi i fht. Barn som ikkje forstår dette)				

Sjekkliste 2 – barnehagen sitt oppvekstmiljø

Sjekkliste angående miljøet i barnehagen:

Spørsmål	Ja- alltid	Ja- ofte	Nei- sjeldan	Nei- aldri
Er miljøet i vår barnehage prega av gjensidig omsorg, anerkjening, varme og respekt ?				
Er samspelet barna imellom prega av likeverdighet og veksling av kven som bestemmer og kven som til ei kvar tid får vera med?				
Er det ein trygg og avslappande tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				

Sjekkliste 1 og 2 om barnehagens oppvekstmiljø skal vera eit diskusjonsgrunnlag i personalgruppa, på avdelingsmøta og personalmøta.

Er vår barnehage der me vil den skal vera i forhold til oppvekstmiljø?

Evaluering:

- Personalet skal årleg evaluera sitt arbeid mot mobbing.
- Planen vil haldast oppdatert i forhold til dei gjeldande retningslinjer frå Udir.
- Heile personalet har ansvar for at alle jobbar i samsvar med dei mål og retningslinjer som er gjeven i denne planen.